

Ordføraren sitt hjørna – juni 2017



Kommunestyret i neste veke har mange store saker på sakslista. Møtet startar som vanleg kl. 17.00, og eg reknar med at kvelden går med. Det er tid for årsmeldingar, og årsmelding og rekneskap for Hemsedal kommune er hyggeleg lesestoff. Kommunen leverer eit resultat på nesten 13. millionar kroner, der det meste går til styrking av disposisjonsfondet vårt. Administrasjonen har veldig god økonomistyring gjennom heile året, og når skatteinntektene og rammeoverføringar blir 5 millionar meir enn budsjettet, og pensjonskostnadene blir 3,5 millionar mindre, så gir det eit godt rekneskapsresultat. Desse store endringane er oversikter kommunen ikkje får før på slutten av året, og uråd å legge inn i budsjettet. Det hender det slår motsett ut også. Det er mindre hyggeleg. Skatteinntektene så langt i 2017 er litt over fjoråret, men litt under budsjettet for 2017. Me ligg likevel betre an enn det som er trenden for kommunesektoren elles. Det ser ut som me har bra sysselsetting lell om vintersesongen er over, og folketalet har hatt ein sterk auke i 1. kvartal 2017. No er me 2484 hemsedøler. Det ser bra ut så langt.

Plassering av framtidig skule er ei anna viktig sak. Styringsgruppa som vurderer utbyggingar innan skule og helse legg no fram sak kvar den framtidige sentralskulen i Hemsedal skal ligge. Då prinsippvedtaket om skulestruktur vart gjort i september 2015, vart det og gjort vedtak om plassering ved HBU. Den delen av vedtaket vart omgjort i kommunestyret i desember 2016, og styringsgruppa skulle vurdere fritt kva som er beste plasseringa. Det vart lagt fleire føringar; ein av dei var størst mogleg vern av dyrka mark. Me har sett på fleire alternativ, men har landa på 2 aktuelle alternativ. Det er vidareutvikling i området ved HBU, og ved idrettsanlegget på Trøym sør. Begge stader er det areal nok for skuleutbygging, og det er fordeler og ulemper begge plassar. På Trøym sør må alt byggjast nytt, med dei fordeler det har på gode romløysingar og med energi- og driftssparande tiltak. Det vil vera minimalt med areal att for vidareutvikling av idrettsaktivitetane utanom fotball og fleirbrukshall.

Alternativet ved HBU er tenkt med eit nybygg for å kunne ta imot 1-4 klasse frå Ulsåk og Tuv, utviding av kroppsøvingsarealet og eit tilbygg om nokre år for å få plass til elevveksten i 5- 10 klasse. Gruppa sitt framlegg er at tunet på Bygdheim med Låven blir omgjort til parkeringshus, og at det blir skulebygg over. Grøthe-huset skal rivast og området der blir ein del at uteplassen på skulen. For å sikre utvidingsareal til skule og helse fram mot 2040 ser gruppa at me treng å regulere ca 5 mål dyrka mark til framtidig offentleg føremål.

Styringsgruppa tilrår at framtidig sentralskule skal ligge der HBU er i dag. Det tyngste argumentet er økonomien. Dette alternativet er ca 100 millionar kroner billigare å bygge. Det er òg eit argument at det ligg nærare kultursalen med kulturskulen og til helsestasjon og andre kommunale tilbod.

Det mange store økonomiske lyft som ligg framfor oss. Skuleutbygging, fleire tiltak innanfor helse og omsorg, tilrettelegging for bustadutvikling og nye utbyggingar på vatn og avlaup (VA). Det er derfor til vurdering om kommunen må innføre generell eigedomsskatt. Me har ei sak til møtet no som synleggjer regelverket og moglegheitene. Så vil seinare avklaringar avgjera om det blir innført eigedomsskatt for næring, hus og hytter i tillegg til verker og bruk som me har i dag. Me er avhengige av tilstrekkelege inntekter for å møte utviklinga og framtidig vekst.

Det er derfor gledeleg at det er solid utvikling i næringslivet vårt. Det skjer nybygg og nyetableringar i bygda – både store og små. Alt tyder på at Hemsedal får ein «Høyt og Lavt park». Nokre modige grunderar har sett i gang, og parken som blir liggjande på øya/øyene ut for «Vertikal» skal stå ferdig om eit år. Det blir eit bra tilbod for oss alle og for gjestene våre. Det blir lagt opp til heilårsdrift, men eg vil tru at det er særleg for sommartilbodet vårt at det vil bety mest. Det ser ut som det går framover på mange felt.

God sommar!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordførar